



FLORA KOMMUNE

Planprogram

**Kommunedelplan
Florelandet Brandsøy**

2017-2027



Versjon vedtatt Bystyret 06.11.18

Innhald

1.	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn for planarbeidet	3
1.2	Planprogrammet sin funksjon	3
2.	Overordna rammer for planarbeidet	3
2.1	Nasjonale føringar	3
2.2	Kommuneplanens samfunnsdel.....	3
2.3	Kommuneplanens arealdel.....	4
2.4	Geografisk avgrensing	4
3.	Formål med planarbeidet	5
4.	Tema og problemstillingar	5
5.	Utgreiingsbehov.....	5
	Konsekvensutgreiing (KU) og ROS	5
6.	Vurdering av reguleringsplanar i planområdet	9
7.	Organisasjon og medverknad	9
7.1	Organisasjon	9
7.2	Medverknad og innspel.....	9
8.	Planprosess og framdriftsplan.....	10

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

I samsvar med planstrategien for Flora kommune er det lagt opp til revisjon av kommunedelplan Florelandet Brandsøy. Gjeldande plan er frå 2007 og er moden for revisjon. For nokre tema fungerer ikkje planen godt nok, samt at det er behov for å oppdatere plankart og føresegner etter ny Pbl frå 2009.

Kommuneplanens arealdel er nyleg revidert (vedtak Byst 21.03.17). Kommunedelplan Florelandet Brandsøy er på same juridiske plannivå, men gir meir detaljerte mål, strategiar og arealformål for hovedpressområdet i kommunen, nemleg Florelandet-Brandsøy.

Sidan førre plan blei vedtatt har kommunen utarbeidd områdereguleringsplan Florelandet Nord, med om lag 1000 mål ekstra næringsareal, i tillegg til eksisterande Fjord Base. Resultata her vil bli innarbeidd og tilpassa i den nye planen.

1.2 Planprogrammet sin funksjon

For kommuneplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som gir grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal vise:

- Formålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltakarar
- Opplegget for medverknad og informasjon
- Kva alternativ som vil bli vurdert
- Behovet for utgreiingar

Planprogrammet skal angi hovedrammer for å sikre fleksibilitet. Ved nærare behov undervegs i planprosessen kan ein bli meir detaljert. Planprogrammet skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn samstundes med og som ledd i varsling om planoppstart. Varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet skal gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media og avis. Fristen for å gje uttale skal vere minst seks veker.

2. Overordna rammer for planarbeidet

2.1 Nasjonale føringar

Stortingsmelding om natur for livet (Meld. St. 14 (2015-2016)), statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, DSB sin rettleiar Havnivåstiging og stormflo i kommunal planlegging.

2.2 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel gir følgande føringar:

- Bustader: "*Kommunen sørgjer for at det er arealreserver til bustadbygging*".
- Næringsliv: "*Flora skal vere i førarsetet og vere eit senter for dei kystbaserte næringane. På den måten skal Florø, som ein moderne og framtidretta by, sette seg i posisjon for å bli det kraftsenteret Sogn og Fjordane og*

kysten treng. For å oppnå dette må ein etablere Florø som senter for utvikling innan kystbaserte næringar samt moglegheitene i havrommet. Ein må utarbeide planar som gjer grunnlag for marin verdiskaping, og sikrar godt og tydeleg kommunikasjonsgrunnlag som marknadsførar moglegheita kysten gjer. Desse planane samt å arbeide aktivt med å planlegge og legge til rette for sentrumsnært næringsareal generelt og næringsareal spesielt i høve nye næringar innan havrommet er ein føresetnad for den investeringa som må til".

- Samferdsel og infrastruktur: Flora skal vere eit knutepunkt for transport og kommunikasjon på sjø, land og i lufta. I følge NTP 2014 - 2023 skal det satsast ytterlegare på sjøtransport.

Hamnene er knutepunkt mellom sjøvegen og vegnettet på land. Flora skal vere knutepunktet i fylket for transport mellom veg og sjø. Lokalisering og tilbodet ved Florø lufthamn har vore og er avgjerande for vidare utviklinga av Flora kommune. Målsetting er at Florø lufthamn skal vere hovudlufthamn i Sogn og Fjordane.

2.3 Kommuneplanens arealdel

I nyleg vedtatt kommuneplanens arealdel (planskildring) gjeld følgjande overordna arealstrategiar:

- Kommande arealplan skal bygge på og oppdatere eksisterende kommuneplan (2002-2013).
- Næringsareal og byggeareal skal vurderast ut i frå fokus på god infrastruktur, samt gode løysingar for trafikksikkerhet for gåande og syklende for å minimere transport gjennom tettbygde områder.
- Flora kommune skal gjennom arealplanlegginga bygge opp under eksisterande sosial og teknisk infrastruktur og søke effektive løysingar for å samordne kommunikasjon og arealbruk.
- Kommunen skal i si arealplanlegging legge til rette for vekst i tilknytning til eksisterande kommunesenter, områdesentra og bygder, og gje høve for utviding for eksisterande næringsverksemd. Samstundes skal kommunen gjennom arealplanlegginga stimulere nyetableringar og auke i folketallet gjennom utbygging i vekstområde langs viktige kommunikasjonsaksar.
- Arealplanlegginga skal både sikre offentlig tilgang til strandsona og til verdifulle natur- og kulturlandskap, og samtidig vurdere eksisterande bebygde og potensielt nye strandnære byggeområder. Det vil vere viktig å sjå arealbruk på land i samanheng med arealbruk i sjø.

2.4 Geografisk avgrensing

Avgrensinga blir som i gjeldande kommunedelplan, med unntak av det arealet som i dag inngår i områderuleringsplan Florelandet Nord.



3. Formål med planarbeidet

Følgande er sentrale mål for den ferdige planen:

- Oppdatering av spesifikke tema er gjort greie for i kapittel 4.
- Planen skal sørge for å gjennomføre dei overordna prinsippa frå kommuneplanens samfunnsdel og vidareføre dei overordna strategiane frå kommuneplanens arealdel.
- Gjere det mest mogleg oversiktleg og fortutsigbart kva som er gjeldande plan for utvikling av areal i press- og vekstområdet i Flora kommune, nemleg Florelandet og Brandsøy.
- Gode, oppdaterte arealplanar reduserer sakshandsamingstida hos kommunen.
- Ein vesentleg del av arbeidet er oppdatering av arealplankart og føresegner slik at planen er i tråd med nytt lovverk og ny kartforskrift.

4. Tema og problemstillingar

Ved revisjon av kommunedelplanen skal ein bygge vidare på eksisterande plan. Men vi ser at på nokre områder er det behov for fornying. Rådmannen har framlegg om følgande tema/områder skal vurderast på nytt:

- Fortetting av eksisterande bustadområde: Her vil ein ta for seg kvart enkelt område og vurdere dei mot relevante tema. Samtidig skal og vurderast arkitektur og bukvalitet i bustadområda.
- Ny samanbinding fv545-548 (Havhesten-gravplassen): Det skal gjerast ei vurdering av om dette kan vere eit aktuelt tiltak å legge inn i planen.
- Næringsområde: Dagens næringsarealstruktur må vurderast på nytt.
- Utviding av flyplassen: Det må takast høgde for utviding av flyplassen. Aktuelt areal må vurderast opp mot relevante tema.
- Flytting av hestesportsenter: Då dagens plassering av hestesportsenteret er ugunstig av mange grunnar, har det i mange år vore leita etter ny lokalisering. Denne blir vurdert og lagt inn plankartet. Andre vurderte alternativ blir diskuterte.

5. Utreiingsbehov

Konsekvensutgreiing (KU) og ROS

I KU-forskrifta framgår at kommunedelplanar omfattast av kravet til konsekvensutgreiing som kan få vesentlege verknader for miljø- og samfunn. KU skal beskrive verknader av alle nye områder for utbygging og vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområder. Kommunedelplanar er omfatta av KU- forskrifta og det er krav om konsekvensutgreiing når:

- Nye områder avsett til utbyggingsformål med arealformål der underformål og føresegner opnar for utbygging. Det vil seie at utbygging kan inngå i alle arealformål unntatt grønstruktur
- Endre utbyggingsformål
- Bandlegging kan være omfatta av utgreiingsplikt dersom hensiktene er å sikre areal med tanke på seinare utbygging.
- Endring i utfyllande føresegner kan også medføre utgreiingsplikt. Dette kan for eksempel gjelde der dei utfyllande føresegnene for eit område gir endra ramme (ant bygg) for spreidd bustad, nærings- eller fritidsbustad, andre kriterier for lokalisering av ulik utbygging, rammer for utforming, utnytting,

funksjonskrav med meir av bygg, anlegg og arealbruk i eksisterande byggesone, utan at formålet eller avgrensinga for sona endrast.

Kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar bør ha eit overordna, langsiktig og heilskapleg perspektiv og hensiktene er at KU skal gi eit godt beslutningsgrunnlag ved arealplanlegging. Dette betyr at KU også skal ha fokus på strategiske problemstillingar og løfte fram:

- Viktige miljø- og samfunnsverdiar i foreslåtte utbyggingsområde
- Verknadane utbygginga kan få for desse verdiane
- Kva som kan gjerast for å unngå negative verknader
- Utreiing av alternativ

Utreiingstema ved KU

Dei områda som blir vurdert som nye utbyggingsområde skal konsekvensvurderast utifrå eit lokalt, regionalt og nasjonalt perspektiv. Følgjande tema vert nytta som sjekklister for konsekvensvurderingane:

Samfunn

- Areal og transport
- Infrastruktur og offentlege tenester
- Samfunnstryggleik
- Universell utforming
- Barn og unge
- Landbruk
- Forhold til naboar

Miljø

- Friluftsliv og rekreasjon
- Kulturminner og kulturmiljø
- Landskap
- Naturverdiar og biologisk mangfald
- Havnivå
- Energibruk
- Støy
- Forureining

For å sikre openheit om utreiinga skal planprogrammet alltid angi korleis eksisterande kunnskap skal benyttast i KU for dei miljø- og samfunnstema som er aktuelle.

ROS-analyse

For kvart område skal det også gjerast ei ROS-analyse. ROS-analysen skal gjennomførast i tre trinn: farekartlegging, så vurdere sannsyn og konsekvens for aktuelle hendingar og til slutt forslag til risikoreduserande tiltak og oppfølging i plan. For farekartlegging skal tas utgangspunkt i rettleiaren Samfunnssikkerheit i arealplanlegging frå DSB og sjekklister frå prosjektet GIS i samfunnsikkerheit og arealplanlegging.

For farekartlegging og sårbarvurdering skal ROS-analysen for Sunnfjord sin eigne risiko og sårbarhetsanalyse (2014) leggjast til grunn, i kombinasjon med lokalkunnskap. Arealbruk i Flora kommune er generelt vurdert til å vere sårbar for desse farane, men med lokale variasjonar. Sårbarheit for desse farane skal difor vurderast for kvart enkelt område.

ROS-analysen tar utgangspunkt i følgjande sjekklister:

- Naturhendingar (mellom anna overvatn, flaum, mv)
- Havnivåstigning
- Infrastruktur
- Brann

- Farleg verksemd, grunnforureining og oljeulukke
- Trafikkulukker, farleg transport mv

Farekartlegginga og sårbarheit skal integrerast inn i vurderinga av områda, slik at ein ser konsekvensane i samanheng. Sårbarheit skal vurderast på ein skala frå lite sårbart, moderat sårbart, svært sårbart. ROS-analysen skal fremje risikoreduserande tiltak og forslag til oppfølging i plan. Desse skal nyttast vidare som føresegner og i utforminga av plankartet.

Utgreiingstema (kva)	Innhald	Kunnskapsgrunnlag	Utgreiingsbehov
Samfunn			
Areal og transport	Oppfylle nasjonal målsetting om rasjonell arealbruk i høve til transport. Areal til flyplass og tilhøyrande infrastruktur	-NVDB Web, vegdatabanken til Statens vegvesen -Krysskapasitet -Vegkapasitet -Gang-/sykkelvegnett -KDP Sykkel -Kommuneplanens samfunnsdel -Støydata frå Statens vegvesen -Eksisterande regplener -Luftfartstilsynets avgrensing for bygging, flyplassareal, sikringsoner, innflyging, støy og lys.	
Infrastruktur og offentlege tenester	Korleis utbygginga passar inn i eksisterande og planlagt infrastruktur for veg, vatn, avlaup, skule, barnehage, eldreomsorg, anna offentleg servicetilbod	-Kart og kapasitet kommunal VA -Oversikt alle offentlege tilbod	
Universell utforming	Tilrettelegging for alle brukargrupper. Tilgjenge.	-Kart, koter	
Barn og unge	Konsekvensar for leikeområde og skuleveg	-Oversikt skule og bh -Kartlegging av skuleveg -KDP sykkel -Områder for leik og rekreasjon	-Barnetråkkregistrering?
Miljø			
Friluftsliv og rekreasjon	Avdekke om det er friluftsliv- og rekreasjonsinteresser i utbyggingsområde	-Lokalkunnskap -Etablerte turstinet.	-Pågår kartlegging av eksisterande friluftsområder. Utarbeide temakart på bakgrunn av dette.
Kulturminne og kulturmiljø	Eventuell konflikt mot freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø	-Askeladden -Sefrak -Lokalt registrerte krigsminner -Kommuneplanens samfunnsdel -Handlingsplan for kulturminner	
Landskap	1. Vurdere ny arealbruk i området 2. Deretter evt vurdere korleis utbygginga passar inn i landskapet i området.	-Terrengmodellar	-Lage nokre alternative utbyggingsmodellar
Naturverdiar og biologisk mangfald	Eventuell konflikt mot verdiområde for biologisk mangfald	Fylkesatlas (denne dekker naturbase): Naturtypekartlegging 2007 (kalt «prioriterte naturtyper» i kartløyisinga), artsdatabanken. Område verna etter	Det må for kvart delområde vurderast om kunnskapsgrunnlaget er godt nok, og dersom ikkje

		naturvernlova, Verna vassdrag og strandsone. -Fiskeridirektoratet sine baser over fiskefelt, gytefelt, viktige naturtypar osv. -Artskart -EDNA	må ny kunnskap innhentast.
Naturressursar (Landbruk og fiske)	Vurdering om føreslått arealbruk kjem i konflikt med omkringliggjande landbruksareal og fiskeressursar.	-Bonitetskart, dyrkingsareal. -Fiskeridirektoratet sine databasar	
Energibruk	Moglegheit for framtidsretta energiløysingar.	Tilgang til energikjelder; sol, vind, sjø.	
Støy	Er området støyutsett?	-Støyrapportar frå tidlegare planarbeid	
Luftforureining	Dårleg luftkvalitet	-Rapportar på luftkvalitet frå tidlagare planarbeid	
ROS			
Naturhendingar	-Skred og flaum -Innhald frå ROS-analysen	-Faresonekart skred 2006	-Oppdatere og vurdere utviding faresonekart skred 2006 -Utarbeide ROS-analyse
Havnivåstigning	Om utbyggingsområde ligg under aktuell høgdekote	-Konsekvensar av havnivåstigning (Rettleiar Havnivåstigning DSB)	
Infrastruktur	Styrke og kapasitet ved infrastruktural	-Kommunal oversikt veg, vatn, avløp	
Brann	Vurdere fare for og konsekvensar ved brann	-Kommunalt brannvesen -Lokal kunnskap	
Farleg verksemd, grunnforureining, oljeulukke	-Farlege verksemdar -Mogeleg grunnforureining	-SIS sin ROS -Kommunalt brannvesen -Fylkesatlas (grunn)	
Trafikkulykker, farleg transport	Kor er trafikkfarlege punkt? Kvar foregår transport av farleg gods?	-Statens vegvesen sine statistikkar -Lokal kunnskap -Kommunalt brannvesen	

Tabell 1: Utgreiingstema for KU og ROS med innhald, eksisterande kunnskapsgrunnlag og behov for ytterlegare utgreiing og kunnskapsinnhenting.

Metode (korleis)

Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast med utgangspunkt i metodikken i Statens vegvesen Handbok V712, men tilpassast det plannivået og den oppgåva ein kommunedelplan er. For ein del utgreiingstema er ikkje vegvesenet sin metode relevant, og her skal gjerast ei planfagleg vurdering med grunnlag i lokale, regionale og nasjonale føringar for arealpolitikken.

Konsekvensutgreiinga skal i hovudsak bygge på eksisterande kunnskap slik dei førekjem i tilgjengelege databasar og dokument som vist i tabellen over. Der er og vist til korleis hente inn ny kunnskap der det er behov for det. Det er viktig å presisere at dei store linjene i eksisterande kommunedelplan skal vidareførast, dvs hovudtrekka i grønstruktur, bustadområder og vegsystema.

Når all relevant kunnskap er tilgjengeleg skal det for kvart nytt utbyggingsområde gjerast ei vurdering av både verdi, omfang og konsekvens for kvart enkelt deltema, og til slutt ei samla vurdering.

6. Vurdering av reguleringsplanar i planområdet

Kommunen skal vurdere om innhaldet i eksisterande reguleringsplanar i planområdet er i tråd med regionale og nasjonale interesser. Eldre planar som ikkje blir vurdert gode nok skal vedtas oppheva.

7. Organisasjon og medverknad

7.1 Organisasjon




Fig. 1 Organisasjon og medverknad

Arbeidsgruppe frå administrasjonen vurderer og samanstillir relevant informasjon som skal inngå i kommunedelplanen. Politisk styringsgruppe arbeider med å vurdere ulike arealtema ut ifrå eit politisk perspektiv. Deira synpunkt blir sidan handsama av administrasjonen ut i frå eit arealplanmessig og heilskapleg perspektiv.

7.2 Medverknad og innspel

Planen vil bygge på og i all hovudsak vidareføre eksisterande plan. Men for enkelttema og enkeltområder vil det bli endringar. Rådmannen skal involvere relevante berørte aktørar. Først og fremst gjeld dette grunneigarar i alle berørte områder, deretter FIN, Aksello og sentrale næringsaktørar når det gjeld næringsareal, Avinor når det gjeld flyplassen og Sunnfjord Hestesportsenter når det gjeld flytting av denne. På temaene ny veg mellom fv 545 og 548 samt fortetting i bustadområder så krevjer dette enda breiare medverknad, blant anna folkemøter. Tidspunkt for møter vil bli vurdert fortløpande i prosessen. For god samordning med relevante statlege sektormyndigheter er tenkt brukt møte i planforum.

8. Planprosess og framdriftsplan

Denne framdriftsplanen er skjematisk og kan ved uforutsette hendingar endrast.




Fig. 2 Framdriftsplan kommunedelplan Florelandet Brandsøy